Utdanningsforbundet

Årsmøte 2025
Utdanningsforbundet Ulstein
Saksdokument/Protokoll

Utdanningsforbundet

Opning ved lokallagsleiar

Sak 1 Konstituering

1.1 Godkjenning av innkalling

Kunngjering av årsmøtet og førebels sakliste vart sendt ut per mail **04.02.25**

Innkalling og årsmøtedokument vart sendt ut **10.03.25**

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Innkallinga vert godkjend

1.2 Val av møteleiarar

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Lokallagsleiar Anja Ertesvåg vert vald som møteleiarar.

1.3 Val av referent

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Linda Sævik vert vald som referent.

1.4 Sakliste

Sakliste:

Opning ved lokallagsleiar

Sak 1 Konstituering

- 1.1 Godkjenning av innkalling
- 1.2 Val av møteleiarar
- 1.3 Val av referent
- 1.4 Sakliste
- 1.5 Val av protokollunderskrivarar

1.6 Godkjenning av møtereglement

1.7 Godkjenning av valreglement

Sak 2 Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret.

2.1 Årsmelding for 2024

2.2 Rekneskap 2024

Sak 3 Retningslinjer for arbeidet i Utdanningsforbundet Ulstein for komande årsmøteperiode

Sak 4 Budsjett 2025

Sak 5 Innmelde saker

Sak 6 Val

6.1. Val av Hovudtillitsvalt

6.2. Val av Hovedtillitsvalt vara

6.3 Val av lokallagsleiar

6.4 Val av nestleiar

6.5 Val av hovudtillitsvald som styremedlem

6.6 Val av andre styremedlemmar

6.7 Val av varamedlemmar til lokallagsstyret

6.7.1 Val av 1. vara

6.7.2 Val av 2. vara

6.7.3 Val av 3. vara

6.8 Val av valkomité

6.7.1 Val av valkomité

6.7.2 Val av 1. vara til valkomitéen

6.7.3 Val av 2. vara til valkomitéen

6.7.2 Val av 3. vara til valkomitéen

Avslutning

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Saklista vert godkjend

1.5 Val av protokollunderskrivarar

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

..... og..... vert valde som protokollunderskrivarar

1.6 Godkjenning av møtereglement

Forslag til møtereglement:

- Samansetninga av årsmøtet, jf. punkt 2 i Retningslinjer for årsmøte i lokallag - allmøte
- Møteleiar opnar og leiar møtet.
- Årsmøtedeltakarane som ynskjer ordet, gir melding om dette ved handsopprekking
- Taletida er avgrensa til tre minutt. Replikkar eitt minutt. Saksinnleiarar og medlemmer frå lokallagstyret kan få ordet utanom talarlista for å svare på spørsmål eller gje saksopplysningar.
- Møteleiar kan kome med forslag om ytterlegare avgrensa taletid eller at strek settast. Slike forslag tas straks opp til avstemming.
- Årsmøtedeltakarar som ber om ordet til dagsorden eller saksopplysning, får ordet straks og har maksimum eitt minutts taletid.
- Forslag i saker leverast av forslagsstillar.
- Alle forslag skal være levert skriftleg og gjort kjende før strek settast.
- Nye forslag kan ikkje fremjast i ei sak etter at strek er satt.
- Ved votering er forslaget som får flest stemmer vedtatt. Dersom forslag får likt antall stemmer, skal det foretakast loddtrekning. Personvalg regulerast av valgreglementet.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Møtereglementet vert godkjent.

1.7 Godkjenning av valreglement

Forslag til innhald i valreglement for årsmøte i lokallag

Generelt om vala
Vala gjeld for to år med verknadssdato frå 1. august etter årsmøtet, så sant ikkje anna ordning blir vedteke av årsmøtet før vala.
Alle val skal vere skriftlege. Møteleiaren kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføre open avstemming, dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomitéen og ingen andre forslag ligg føre.
Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane det er framsett forslag på og som har sagt ja til å stille til val. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta.
Kandidatar som det er framsett forslag på, er:
• Forslag frå valkomitéen - styremedlemmer i alle val unntatt val av ny valkomité
• Forslag frå lokallagsstyret i val av ny valkomité

• Eventuelt kandidatar som det framsett forslag på under sjølve årsmøtet (benkeforslag).
Blank stemmesetel blir rekna som avgjeven stemme.

Gjennomføring av vala på årsmøtet

På årsmøtet i Utdanningsforbundet Ulstein vel vi tillitsvald etter hovudavtalen, jf. § 16.5 og § 62.1 i eit særmøte før ein startar på det ordinære valet. En vel både HTV og HTV vara for to år. Her er det berre medlemmar som er tilsette i Ulstein kommune som kan stemme.
Elles vert vala blir gjennomførte i den rekkja som kjem fram i nummereringa nedanfor:

1. Val av lokallagsleiar
   Leiaren blir valt først og ved særskilt val. Den kandidaten som får minst halvparten av stemmene, er valt.
   Om ingen av kandidatane får halvparten av stemmene, skal det haldast nytt val mellom dei kandidatane som har fått stemmer i første valomgang. Kandidatane blir sett opp etter stemmetal. Dersom det er fleire enn to kandidatar, går kandidaten med lågast stemmetal ut. Nytt val blir halde mellom dei kandidatane som står att. Dette prinsippet blir følgt til berre to kandidatar står att. Ved omval mellom dei to attverande kandidatane, er den som har fått flest stemmer vald.
   Får kandidatane likt stemmetal i to valomgangar, blir det trekt lodd mellom kandidatane.

2. Val av nestleiar i lokallaget
   Her gjeld dei same valreglane som i punkt 1.

3. Val av hovudtillitsvald som styremedlem
   Ein tillitsvald etter kommunal hovudavtale skal ha fast plass som styremedlem i lokallagsstyret på bakgrunn av at vedkomande er valt som tillitsvald etter hovudavtalen, jf. § 16.5 og § 62.1.
   Valkomitéen må innstille på kven som skal sitje i styret dersom det er fleire hovudtillitsvalde. Det vanlege er at det er den som er vald på første prioriterte plass.

4. Val av øvrige styremedlemmer
   Her velst det antal medlemmer av styret som er att etter val av leiar og nestleiar.
   Ved val av øvrige medlemmer av lokallagsstyret skal stemmeseddelen innehalde namn på like mange personar som det antal styreplassar som er på val, jf. pkt. 4 i retningslinjene. Ut frå samansetjinga av dei som ikkje er på val, dvs. kvinner/menn, leiarrepresentant og medlemsgruppetilhøyrigheit, vert årsmøtet informert om kva samansetjing som må og/eller bør ivaretakast for å oppfylle kvoteringsparagrafen.

Kvar stemmesetel skal innehalde ei fordeling som ivaretek krava. Stemmesetlar som ikkje fyller krava, blir forkasta.
Ved oppteljing blir kandidatane rangert etter stemmetal, men likevel slik at kvinnelege kandidatar med lågare stemmetal går føre om dette skal til for å oppnå ønskja minimumsandel kvinner (50 %).

5. Val av varamedlemmer til lokallagsstyret
   Det må veljast minst tre varamedlemmer i prioritert rekkefølgje.
   Desse veljast fritt (uavhengig av tilhøyrigheit til medlemsgruppe) i særskilte val etter same reglar som for leiar (pkt. 1).

6. Val av valkomité.
   Jf. § 64.1:
   Årsmøtet vel ein valkomité med minimum tre medlemmer, samt varamedlemmer i prioritert

rekkefølgje. Valkomitéen er samansett i samsvar med gjeldande kvoteringsreglar, jf. § 15.
Valkomitéen konstituerer seg sjølv, eventuelt med eit arbeidsutval.
Lokallagsstyret fremjar forslag på talet på medlemmar og varamedlemmar til ny valkomité for årsmøteperioden.
Valkomitéen blir vald på same måte som medlemmer av lokallagsstyret. Varamedlemmer veljast på same måte som varamedlemmer av lokallagsstyret.
I år med fylkesårsmøte må i tillegg følgjande val gjennomførast:

7. Val av delegatar og varadelegatar til fylkesårsmøtet
   Det visast til eigne retningslinjer for årsmøte i fylkeslag, der dei enkelte fylkesstyra innanfor generelle kriterium får ansvar for fordeling av delegatplassar til lokallaga.
   Så snart lokallagsstyret mottar melding frå fylkesstyret om fordeling av delegatplassar mellom lokallaga og eventuell samansetjing av delegasjonane innanfor dei enkelte lokallaga, må lokallagsstyret vidaresende desse opplysningane til valkomitéen.
   Valkomitéen fremjar forslag på det talet på og den samansetjing av delegatar til fylkesårsmøtet som er fastsett. Valkomitéen fremjar også forslag på varadelegatar i tilstrekkeleg antal.
   Delegatar veljast på same måte som medlemmer av lokallagsstyret. Varadelegatar veljast på same måte som varamedlemmer av lokallagsstyret.

8. Forslag på kandidatar til verv i fylkeslaget
   Etter innstilling frå lokallagsstyret skal årsmøtet behandle forslag på kandidatar til fylkesstyret og til valkomitéen i fylkeslaget (§58).

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Valreglementet vert godkjent.

Sak 2 Årsmelding og rekneskap frå lokallagsstyret.

2.1 Årsmelding for 2024

Styremøte

Vi har hatt 10 styremøter i 2024 og behandla 84 saker.

Utdanningsforbundet

Arbeidsplasstillitsvalde i lokallaget

Under ser du ei oversikt over kven som har vore tillitsvalde på arbeidsplassane frå 01.08.24. Vi har medlemmar på 21 arbeidsplassar i kommunen. Vi har tillitsvalde på 17 av arbeidsplassane.

Arbeidsplass	Namn	Verv
Haddal Skule	Lene Gamlemshaug	ATV
Hasund Skule	Silje Holstad Flø	ATV
Ulstein Skule	Solveig Frøysa/ Oda Christoffersen (tok over i oktober)	ATV
Ulsteinvik Barneskule	Hilde Aarsand Vik	ATV
Ulstein Ungdomsskule	Marte Gurskevik Skeide	ATV
Ulstein Kompetansesenter	Arnhild Aasmo Bigset	ATV
Ulstein Vidaregåande Skule	Linda Sævik/Mette Holstad	ATV
Sundgotmarka Barnehage	Marge Grimstad	ATV
Norlandia Støylane Barnehage	Åse-Mari Sundgot Våge	ATV
PPT	Mona Eri Pettersen	ATV
Høddvoll Barnehage	Åshild Mork	ATV
Sætra Barnehage	Charlotte Garnes	ATV
Almejordet barnehage	Camilla Hatlebakk	ATV
Vikemarka Barnehage	Alina Ciobaca	ATV

PREG Barnehage	Kathinka Standal	ATV
Blåtinden Barnehage	Vilde-Sofie Haveland Sleire	ATV
Holsekerdalen 22	Solveig Steinnes	ATV

Valnemnda

Frå 1.august 2024 har fylgjande vore medlemmer i valnemnda:

Remi Vattøy	(Har flytta til ein annan kommune)
Vedrana Terzic	Ulstein kommune sentraladministrasjonen
Maria Myrene	Ulstein skule
Karolina Klimek (vara)	Almejordet barnehage
Håvard Hatløy Hagen (vara)	Ulsteinvik barneskule
Heidi Mundal (vara)	IMU

Utval, råd og fora

Lokallagsstyret har oppnemnt forhandlingsutval.

Anja Ertesvåg- forhandlingsleiar

Ole-Jacob Arnesen (leiar)

Mona Eri Pettersen (PPT)

Linda Arneberg (bhg)

Aud Janne Hatlebakk (gsk)

Arnhild Bigset (IMU)

Camilla Hatlebakk Hjelmeset (bhg)

Ingolf Sakkarus Dyrhaug (gsk)

Pensjoniststyre

Torill Strandabø (leiar)

Stig Grimstad

Utdanningsforbundet

Bente Skinlo

Medlemmar

Utdanningsforbundet har per 01.01.24 411 medlemmar. Dette er ein auke på 26 medlemmar sidan 01.01.24. Lokallagsleiar har hatt eit frikjøp på 45 %, HTV fekk auke opp frikjøpet sitt til 55 %. Nytt av året er at nestleiar har hatt eit frikjøp på 8 %.

Medlemsaktivitet

Årsmøte 2024

Vi arrangerte årsmøte med torettars middag på Sunnmøre Folkehøgskule 16.04.24. Her var over 90 påmelde.I forkant hadde vi eit eige møte for pensjonistmedlemmar der det vart valt eit pensjoniststyre.

Medlemsmøte haust

Vi hadde eit felles arrangement ilag med lokallaga på ytre søre Sunnmøre der vi inviterte Roger Finjord til Sjøborg der han hadde eit foredrag om "Det gode laget". Vi var godt over 200 påmelde. Vi fekk gode tilbakemeldingar på foredraget, som både rørte og engasjerte medlemmane.

Vi hadde eit felles arrangement for pensjonistane i Herøy, Ulstein, Sande, Vanylven og Hareid til Runde miljøsenter. Her fekk dei omvising og servering av kaffi og kaker.

I november hadde vi kinoframsyning for alle medlemmar på Sjøborg der vi viste filmen Armand.

Kurs og møter

Vi hadde fire kurs/samlingar for Tillitsvalde i Ulstein lokallag. Her hadde vi erfaringsdeling, oppdatering i lov- og avtaleverk og informasjon og diskusjonar rundt aktuelle saker i utdanningsforbundet.

Vi hadde fire leiarsamlingar for leiarmedlemmar i Utdanningsforbundet Ulstein. På ei av samlingane hadde vi besøk av Marit Lillestøl som er leiarrepresentant i Fylkesstyret.

TVO 1 i Loen for nye tillitsvalde; eit samarbeid med Sjustjerna

Styrekurs for lokallagstyret i Loen i September. Her søkte vi og fekk innvilga midlar frå Fylkeslaget som dekte dette kurset.

Nettverkskurs i Sjustjerna vår og haust. Fire representantar frå styret deltok.

Fleire tillitsvalde deltok på kurs i grunnopplæringa og også det årlege tillitsvaltkurset Utdanningsforbundet arrangerer kvart år.

Utvida styremøte i januar og juni for styret, ATV-ar og valnemnda. Etter møta var det middag på Maluns.

Kontor

Lokallagsleiar/HTV har fast kontortid kvar dag 08.00-16.00 på Rådhuset. Samarbeid lokallagsleiar og nestleiar onsdagar 12.00-16.00

Årsmelding frå hovudtillitsvald- dette er saker HTV har arbeidd med siste året:

Revidering lønspolitisk plan

Revidering klegodtgjersle, denne vart ferdig drøfta, men arbeidsgjevar har ikkje gjort innkjøpa enda.

Nye ansiennitetsreglar

Arbeidsmiljø, fokus på opplæring i HMS-arbeid og godt HMS-arbeid på arbeidsplassane.

Bemanning og rekruttering i skule og barnehage. Fokus på utdanna lærarar i alle stillingar.

Arbeid med vikarsituasjonen i skule og barnehage. Prøve å få til betre ordningar.

Tilsetjingar

Revidering avtale om bruk av eigen bil i tenesta. Ikkje avslutta.

Revidering telefonavtale tilsette.

Jobbar med å få på plass mentorordning i alle skular og barnehagar

Fokus på å bruke midlar frå revidert Statsbudsjett til bemanning i barnehage og SFO.

HTV er representert i Samhandlingsutvalet, AMU, Administrasjonsutvalet og har i tillegg jamlege møter med kommunalsjef oppvekst og kultur.

I tillegg ei rekke saker som omhandlar tariff og lovverk.

Innspel til budsjettarbeidet i kommunen.

Lokale lønnsforhandlingar i kapittel 3,5 og 4.

Politiske saker:

Utdanningsforbundet Ulstein har fått gjennomslag for to politiske saker vi har jobba for siste årsmøteperioden.

- I desember fekk vi gjennom eit vedtak om at ekstraløyvingane i statsbudsjettet på 1,7 millionar som var tenkt til bemanning i barnehage og SFO men ikkje øyremerka til dette faktisk går til barnehage og SFO. Korleis dette vert fordelt er enno ikkje bestemt.
- I februar fekk vi gjennomslag for eit tilleggspunkt til uttalen frå kommunestyret til KS sitt debatthefte. Dette tillegget var: "Det er likevel viktig å behalde bemanningsnormer for barnehage og lærarnorm i skule. Nasjonale krav til lærartettleik er heilt avgjerande for å sikre eit minimum av ressursar og eit likeverdig tilbod, uavhengig av kommunane sine skiftande økonomiske handlingsrom." (KS ynskjer å fjerne desse normene)

Medlemsstipend

Vi innvilga medlemsstipend til digitalt kurs ved Haddal skule, i tillegg til at 8 medlemmar frå barnehage fekk innvilga støtte til Barnehagekonferansen.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Årsmeldinga for Utdanningsforbundet Ulstein vert godkjend.

2.2 Rekneskap 2024

Sjå vedlegg

Utdanningsforbundet

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Rekneskap for 2024 vert godkjent.

Sak 3 Retningslinjer for arbeidet i Utdanningsforbundet Ulstein for komande årsmøteperiode

Prioriterte saker for Utdanningsforbundet Ulstein i årsmøteperioden.

Førre årsmøte vedtok at vi framleis skulle jobbe med satsingsområda frå Vi utdannar Norge fram til nye vart vedtekne på Landsmøtet og deretter bearbeidde til Handlingsplan for Utdanningsforbundet Møre og Romsdal. I september jobba lokallagsstyret fram ny satsingar for Utdanningsforbundet Ulstein med grunnlag i handlingsplanen til utdanningsforbundet Møre og Romsdal. Denne tek igjen utgangspunkt i "Vi utdannar Noreg" som vart vedteke på Landsmøtet 2023.

Retningsliner for arbeidet i føregåande årsmøteperiode- frå hausten 2024. Utifrå dei seks satsingsområda har Utdanningsforbundet Ulstein laga seg arbeidsmål og sett desse inn i eit årshjul. Vi har som fast sak på styremøta å gå gjennom årshjulet og arbeidsmåla vi har sett oss. Vi vil sikre at saker frå satsingsområda vert jobba med og fylgt opp gjennom heile året.

Dei seks satsingsområda er :

1. Lærarrolla og laget rundt barnehageborn og elevar

Utdanningsforbundet skal ta eit særskilt ansvar for å definere lærarrolla, og arbeide for ei felles forståing av kva lærarrolla inneber. Vi skal også synlegjere kva vi meiner er eit godt lag rundt barnehageborn og elevar.

2. Ein framtidsretta tariffpolitikk

Utdanningsforbundet vil med denne satsinga arbeide for å finne fleire handlingsalternativ for å nå dei tariffpolitiske målsetjingane.

3.Tid for dei minste

Fleire barnehagelærarar og auka bemanning i barnehagen: Utdanningsforbundet

skal vere ein pådrivar for sterkare lovverk sentralt og utvikling av lokale tiltak som

kan betre bemanninga i barnehagen og barnehagelærartettleiken.

4. Kvalitetsutvikling på skulen sine premissar

Utdanningsforbundet skal vere ein pådrivar for å endre det nasjonale systemet for kvalitetsutvikling slik at det i større grad støttar opp under arbeidet lærarane gjer for at elevane skal lære og trivast, og i mindre grad føre til dokumentasjons- og rapporteringskrav, usunn konkurranse, målforskyving og stress blant elevane.

5. Rammevilkår i barnehage og skule

Uttale frå Fylkesårsmøtet Møre og Romsdal 2023 - sak 10.04:

Vi ser at rammefaktorane i barnehage og skule gradvis vert dårlegare, ressursane til bemanning, tilrettelegging, ekstra innsats og førebygging vert knappare, medan behova vert større. Samtidig ser vi høge politiske ambisjonar til utdanning i Noreg, på tvers av alle politiske parti. Etter vårt syn fremmar ikkje den rådande politikken arbeidskvaliteten for dei som har eit arbeid i barnehage og

skule. Det totale presset på leiarar og andre tilsette i vår sektor gjer at for mange vil forlate yrket, eller vel å ikkje gå inn i det.

Utdanningsforbundet Møre og Romsdal krev at ansvarlege politikarar på alle nivå må sørge for at ein får betre rammer slik at flukta frå læraryrket stoppar!

6. Arbeidsmiljø- trygge og helsefremjande arbeidsplassar

Uttale frå Fylkesårsmøtet Møre og Romsdal 2023 - sak 10.04:

Nyare forsking, både nasjonalt og internasjonalt, viser at det som er særleg belastande i læraryrket er det å stå i stressrelaterte situasjonar over lang tid, noko som kan sjåast som «ei langsam ulukke». Vi ynskjer difor at det må setjast større fokus på psykososialt Arbeidsmiljø.

Setje inn årshjul?

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Retningslinjene for årsmøteperioden vert vedtekne.

Sak 4 Budsjett 2025

Sjå vedlegg

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Budsjettet vert godkjent.

Sak 5 Innmelde saker

Sak meldt frå Ulstein ungdomsskule ved tillitsvald Marte Gurskevik Skeide

Rekruttering til læraryrket

Dei siste åra har søknadsprosenten til lærarutdanninga gått kraftig ned, vi ser også at mange nyutdanna fell frå yrket i løpet av dei fyrste åra i arbeid. Klubben ved Ulstein ungdomsskule meiner at utdanningsforbundet i Ulstein bør ta ei meir aktiv og synleg rolle for å vise fram yrket, og på den måten

vere med å skape positiv blest rundt læraryrket. Vi håpar at ved å vere synlege på alt det positive yrket kan innebere, så kan ein også bidra til å auke statusen og søknaden til utdanninga lokalt.

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Utdanningsforbundet Ulstein bør verte meir aktive og synlege inn mot potensielle søkarar til lærarutdanningane. Dette kan gjerast med aktivt arbeid inn mot dei vidaregåande utdanningane, mot tradisjonelle media og sosiale media for å auke positiv omtale av yrket.

Sak 6 Val

Inneverande år har styret hatt denne samansetjinga:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Verv	Periode
Leiarverv				
Anja Ertesvåg	Ulsteinvik Barneskule	Grunnskule	Leiar	01.08.24-01.08.26
Mette C Bachke Holstad	Ulstein vidaregåande skule	Vidaregåande	Nestleiar	01.08.24-01.08.25
Styremedlemmar				
Caroline Torgersen	Høddvoll Barnehage	Barnehage	Styremedlem	01.08.24-01.08.26
Ingolf Sakkarus Dyrhaug	Ulstein Ungdomsskule	Grunnskule	Styremedlem	01.08.24-01.08.26
Randi Lyngbø Ottesen	PPT	FAS	Styremedlem	01.08.23-01.08.25

Utdanningsforbundet

Linda Sævik	Ulstein vidaregåande	Vidaregåande	Styremedlem	01.08.23-01.08.25
Linda Arneberg	Almejordet Barnehage	Barnehage	Styremedlem	01.08.24-01.08.26
Ole-Jacob Arnesen	Ulsteinvik Barneskule	Grunnskule	Styremedlem	01.08.23-01.08.25
Aud Janne Hatlebakk	Ulstein Skule	Grunnskule	Styremedlem	01.08.24-01.08.26
Vara styremedlemmar				
Ole Terje Sukka	Oppvekstkontoret	FAS	1.vara møter fast	01.08.24-01.08.26
Lene Gamlemshaug	Haddal Skule	Oppvekst	2.vara	01.08.23-01.08.25
Amalie Ristesund	Haddal Skule	Oppvekst	3.vara	01.08.24-01.08.26

Valkomiteens innstilling til nytt styre:

Namn	Rolle	Val	Arbeidsplass
Anja Elise Steinnes Ertesvåg	Leiar- HTV	Sit eit år	Udf.
Mette Holstad Bachke	Nestleiar	Sit to år	UVS
Brita Hofseth Hatløy	Styremedlem	Sit to år	UBS leiarrepresentant
Linda Sævik	Styremedlem	Sit to år	UVS
Linda Christin Arneberg	Styremedlem	Sit eit år	Almejordet bhg. leiar
Randi Lyngbø Ottesen	Styremedlem	Sit to år	PPT nestleiar
Ingolf Sakkarus Dyrhaug	Styremedlem	Sit eit år	UUS
Aud Janne Hatlebakk	Styremedlem	Sit eit år	UBS
Caroline Torgersen	Styremedlem, vara HTV	Sit eit år	Høddvoll bhg.
Ole Terje Sukka	Vara 1	Sit eit år	Spesialkonsulent oppvekst
Christin Myrene	Vara 2	Sit to år	Vikemarka bhg (leiar)
Amalie Ristesund	Vara 3	Sit eit år	Haddal skule

6.1. Val av Hovudtillitsvalt

Valkomiteens innstilling til vedtak: Står ikkje på val

6.2. Val av Hovedtillitsvalt vara

Valkomiteens innstilling til HTV 2: Caroline Torgersen (Høddvoll Barnehage)

6.3 Val av lokallagsleiar

Valkomiteens innstilling til vedtak: Leiar står ikkje på val

6.4 Val av nestleiar

Valkomiteens innstilling til

Mette Bahcke Holstad, vidaregåande skule vert vald som nestleiar for perioden 01.08.25.-31.07.27.

6.5 Val av hovudtillitsvald som styremedlem

Valkomiteens innstilling til vedtak:

Hovudtillitsvald står ikkje på val.

6.6 Val av andre styremedlemmar

Valkomiteens innstilling til vedtak:

(Sjå innstilling over)

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet godkjenner valnemnda si innstilling til nytt styre for årsmøteperioden 2025-2026

6.7 Val av varamedlemmar til lokallagsstyret

6.7.1 Val av 1. vara

Valkomiteens innstilling til vedtak:

(Sjå innstilling over)

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet godkjenner valnemnda si innstilling til nytt styre for årsmøteperioden 2025-2026

6.7.2 Val av 2. vara

Valkomiteens innstilling til vedtak:

(Sjå innstilling over)

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet godkjenner valnemnda si innstilling til nytt styre for årsmøteperioden 2025-2026

6.7.3 Val av 3. vara

Valkomiteens innstilling til vedtak:

(Sjå innstilling over)

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet godkjenner valnemnda si innstilling til nytt styre for årsmøteperioden 2025-2026

Utdanningsforbundet

6.8 Val av valkomité

Valkomitéen har bestått av:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
Vedrana Terzic	kulturkontoret	FAS	K	Medlem	01.08.24-31-07.26
Maria Myrene	Ulstein Skule	Grunnskule	K	Medlem	01.08.23.-31.07..25.
Remi Vattøy	UUS	Grunnskule	M		01.08.24-31-07.26
Vara til Valkomiteen					
Karolina Klimek	Almejordet Barnehage	Barnehage	K	1.vara	01.08.23.-31.07.25.
Håvard Hatløy Hagen	UBS	Grunnskule	M	2.vara	01.08.24-31-07.26
Heidi Mundal	IMU	Grunnskule	K	3.vara	01.08.24-31-07.26

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

Namn	Arbeidsplass	Medlemsgruppe	Kjønn	Verv	Periode
Vedrana Terzic	Kulturkontoret	FAS	K	medlem	01.08.24-31-07.26
Maria Myrene	Ulstein Skule	Grunnskule	K	medlem	01.08.25.-31.07.27.
Heidi Mundal	IMU	Grunnskule	K	medlem	01.08.24-31-07.26
Vara til Valkomiteen					
Benedicte Vattøy	UBS	Grunnskule	K	1.vara	01.08.23.-31.07..25.

Anett Linn Hansen	Almejordet Barnehage	Barnehage	K	2.vara	01.08.23.- 31.07..25.
Hilde Aarsand Vik	UBS	Grunnskule	K	3.vara	01.08.23.- 31.07..25.

6.7.1 Val av valkomité

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

(sjå innstilling over)

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet godkjenner styret si innstilling til ny valkomitê for årsmøteperioden 2025-2026

6.7.2 Val av 1. vara til valkomitéen

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

(sjå innstilling over)

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet godkjenner styret si innstilling til ny valkomitê for årsmøteperioden 2025-2026

6.7.3 Val av 2. vara til valkomitéen

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

(sjå innstilling over)

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet godkjenner styret si innstilling til ny valkomitê for årsmøteperioden 2025-2026

6.7.2 Val av 3. vara til valkomitéen

Lokallagsstyret si innstilling til vedtak:

(sjå innstilling over)

Innstilling til vedtak:

Årsmøtet godkjenner styret si innstilling til ny valkomitê for årsmøteperioden 2025-2026

Avslutning

Avslutning ved lokallagsleiar